

*Dato:* 05.05.08  
*Sakshandsamar:* Henrik Slettum  
**Saksnr:** 2006/130 -32  
Arbeidsutvalget Møte: 09.05.08

## **Høyring – Endringar i odelslova, konsesjonslova, jordlova.**

### **Saksutredning:**

#### **Ikkje vedlagte dokument:**

Høyring – endringar i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven – Bestemmelser om bo- og driveplikt.

### **Bakgrunn:**

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut forslag til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova på høyring.

Følgjande utval vart satt ned i regionen for å utarbeide eit forslag til høyringsuttale: Kristen Bruset, Grete Sjurgard, Ivar Brandsarbakken, Sekretær: Henrik Slettum. Det er felles uttale frå desse kommunane i Nord-Gudbrandsdalen: Lesja, Dovre, Lom og Skjåk.

### **Forslag til uttale:**

I forslaget til endring er ein samd i at dei fleste av forslaga som er fremma frå Landbruks og matdepartementet (LMD) tek sikte på å oppnå større forutsigbarheit, betre målretting og forenkling. Særleg viktig er at ein del problematiske skjønnsvurderingar blir borte gjennom endringsforslaga.

Eit moment som vert støtta er at buplikta etter odelslova i hovudsak blir flytta til konsesjonslova og at avgjerdene om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova flyttast til jordlova.

Forslaget betyr ei skjerping av lovverket. Det er eit spørsmål om dette i praksis vil tene formålet; at folk vil bu og jord haldast i hevd.

Forslaget er meir rigid og dermed enklare å handheve, men det er mindre rom for å utvise skjønn og såleis ta omsyn til den enkeltes personlege situasjon.

Mindre utøving av skjønn gjer at fleire blir fanga opp av lovverket. Dette gjeld særleg odlingsjord og utsetjing av buplikt. Derfor bør arealgrensene bli høgare enn det LMD foreslår. Dette blir forsterka av det LMD skriv om tvang. Departementet meiner at tvang ikkje får folk til bygda. Men endringane fører til skjerpelse. Heving kan motvike dette.

I området her er det nedgang i folketalet, og ein ønskjer tilflytting. Derfor ønskjer ein oppmjuking av regelverket.

Forslag vi ønsker å kommentere spesielt og fremme forslag om høgare arealgrense på:

1. Buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 dekar dyrka mark eller over 350 deka produktiv skog

Kommunane meiner det er ein fordel å sette arealgrensa for buplikt på eit nivå som gjer det attraktivt å erverve landeigedomar utan nødvendigvis å bu der fast. Mange slike kan vera ressurspersonar for bygda. Ein del familiar ønskjer å ha litt husdyr som hobby og da meiner vi grensa bør vere høgare enn i forslaget. Vi trur også at dei som ikkje ønskjer å forvalte heile arealet sjølve, vil i ein del tilfelle la næringsdrivande innan landbruk nytte overskottsarealet slik at det blir meir attraktivt som kulturlandskap. Overflatedyrka jord kan i sin ytterste konsekvens ha vesentleg mindre produksjonsevne enn fulldyrka areal og det må inn i vurderinga. Gjødsla beite er ikkje inkludert og det meiner vi er greitt.

Vårt forslag:

**Grensa bør vere 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord. Grensa på skog foreslår vi til 350 dekar produktivt areal.**

2. Konsesjonsplikt.

Konsesjonslovas grense for konsesjonsfritt erverv er av LMD foreslått med same arealgrense som frittek for buplikt etter odelslova. Dette meiner vi er naturleg og logisk for å sameine arealkrava i dei to lovene. Konsekvensen av vårt forslag under pkt 1 blir større areal enn LMD sitt forslag.

Vårt forslag:

**Grensa bør vere 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord. Grensa på skog foreslår vi til 350 dekar produktivt areal.**

3. Kravet til odlingsjord.

Vi er samde i LMD sine vurderingar at skjønnnet i kva som kan karakteriserast som odlingsjord er svært vanskeleg og det skifter over tid. Dette er uheldig og forenkling bør komme. Forslaget om at grensa skal bli 25 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord er ei klar grense og gjev liten grad av skjønn ved vurderinga. Men vi støtter ikkje fullt opp om grensa på 25 dekar. Odelslovutvalet har etter det vi forstår hatt ei grundig vurdering og fleirtalet der foreslo ei arealgrense på 50 dekar jordbruksareal eller 1000 dekar produktiv skog og mindretallet foreslo 30 dekar jordbruksareal og 500 dekar skog.

Eit moment for høgare grense er etter vår meining at "andre rettar og lunnende" i forslaget er kutta og da bør dette kompenseras med høgare tillegg på arealgrensene enn det LMD har foreslege. Vi veit at samfunnsutviklinga har gjort at jord som tidlegare har vore vurdert som odlingsjord etter ein del år har falle ut av denne katogorien. Slik utvikling vil sansynlegvis fortsette og derfor bør arealet aukast.

Vårt forslag:

**Grensa bør vere 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord. Grensa på skog foreslår vi til 350 dekar produktivt areal.**

## Om buplikt.

Upersonleg buplikt bør tillatast.

- Det vil vera i samsvar med rettspraksis i EU  
Relevante rettssaker har gjeve rom for upersonleg buplikt som permanent løysing. Ei tidsavgrensing på for eksempel 10 år vil i mange tilfelle gje eigaren den tida som trengst for å avklare ein situasjon som betyr mykje for familien i eit generasjonsperspektiv.
- Det vil gje den fleksibiliteten som mange familiar treng. Vanleg situasjon i dag: Besteforeldregenerasjonen bur på bruket og held garden i hevd. Barnebarn får tid til å bli vaksne og områ seg.
- S.19 i høringsnotatet: ”Selv om eieren innenfor gitte rammer står fritt til å leie bort jordbruksarealene, er det fremdeles et landbrukspolitisk mål at eieren selv skal bo på eiendommen.” Norske bygder treng nye folk. Ved å innføre upersonleg buplikt, kan interesserte nykommarar koma nedpå, bli kjent i bygda, halde oppe busetnaden og i beste fall trivast og finne sitt eige eller kunne overta bruket dei har budd på ei tid.
- Kanskje vil eit utleigd gardtun bli vedlikehalde ringare enn eit gardstun der eigaren bur, men vi kan risikere at dersom eigaren ikkje får høve til å leige bort buretten, vil ingen bu.
- Forslag om at buplikt berre kan oppfyllest ved å vera registrert i folkeregisteret som busett på eigedommen er akseptabelt. Dette forutset at buplikta kan ivaretaast gjennom ei leige kontrakt.

I høringsutkastet blir det argumentert for at det bør vera høve til å få fritak frå driveplikt, tidsavgrensa eller varig. Argumentasjonen er omsyn til eigarens interesser eller samfunnsbehova.

Denne argumentasjonen kan like gjerne nyttast vedr. buplikt. I Nord-Gudbrandsdalen vil ledig jord bli drive. Risikoen for at gardsbruk blir ståande folkelaus er langt større.

## Driveplikt

- Vi støttar prinsippet om innføring av varig driveplikt.
- Skriftleg leigeavtale på minimum 10 år er eit rimeleg krav for dei som ikkje vil/kan drive jorda sjølv. Vi legg vekt på at det skal vera mogleg å søkje fritak for dette i særlege høve, som til dømes før generasjonsskifte.
- Driveplikta bør *ikkje* omfatte gjødsla beite (innmarksbeite). Endring i driftsform vil i mange høve måtte verke inn på beiteareala, og det kan vera svært vanskeleg å få leigd ut slike areal når brukaren sjølv vel å legge om drifta. Ved innføring av varig driveplikt på slike areal vil det koma mange søknader om fritak. Myndighetene stimulerer gjennom tilskot til rydding av beiteareal, og ved innføring av varig driveplikt kan det bli vanskeleg å få den enkelte til å gjennomføre slike kulturlandskapstiltak.
- Innføring av varig driveplikt vil i enkelte høve føre til at mindre ressurssterke landbrukseigedomar blir søkt delt og rasjonalisert. Det kan vera ønskjeleg for å styrke aktive bruk og vil vera ei støtte til prinsippet om at den som driv areala bør eige dei sjølv.

### **Slektskapsunntaket ved nedsett konsesjonsgrense**

- Kommunane bør sjølve kunne oppheve slektskapsunntaket i definerte område. Kommunar med nedsett konsesjonsgrense i heile kommunen, må få høve til evt. å definere ei mindre sone for oppheving av slektskapsunntaket. Moglegheitene for oppheving av unntaket bør ikkje knytast direkte i hop med områda for nedsett konsesjonsgrense.

### **Evt. buplikt på utmarkseigedomar**

- Vi går ikkje inn for innføring av buplikt på store utmarkseigedomar utan jordbruksareal.
- Store utmarkseigedomar kan gå over fleire kommunegrenser. Dette gjer det vanskeleg å ta stilling til kvar eigaren evt. skal bu ved innføring av buplikt på slike eigedomar.
- Når store eigedomar kjem på sal, er ofte lokale bygdefolk ikkje i ein slik økonomisk situasjon at dei kan kjøpe. Ressurssterke personar utanfrå kan vera i posisjon til å skape vesentlege ringverknader rundt slike eigedomar. Dette uavhengig av at dei busett seg i området.

### **Regionsjefens forslag til vedtak:**

Kommunane Skjåk, Lom, Lesja og Dovre slutter seg til forslaget til uttale. Uttalen sendes Landbruks- og Matdepartementet.

**Vedtak 09.05.08:** Som forslaget.